


Byggjestart på Eikelandet over nyttår

10.11.2008



Eikelandet-prosjektet i justert utsjånad, framleis teikna av Grung Arkitektur i Bergen.

Sagvåg Invest AS på Stord planlegg byggjestart på Eikelandet rett over nyttår, opplyser Kjell Lyder Risnes.

- Det blir åtte flotte husvære ved sjøkanten, skriv han i ei melding til Uskedalen Utvikling og held fram:

- Alle som er interesserte i å sikra seg ein bustad på dette flotte området, er velkomne til å ta kontakt. Vi har pr. i dag mange interesserte og vi håpar å kunne selgja nokre av husa før vi set i gang med byggjinga i januar. Notar Eiendom ved Andreas Hauge på Stord vil stå for salet av dette anlegget, som kjem til å bli eit fantastisk område!

Så langt Risnes og Sagvåg Invest.

Sagvåg Invest overtok dette særprega prosjektet frå Arild Lillenes og fører det vidare omtrent slik det var før. Den einaste store forskjellen er at terrassane vil venda mot sjøen.

Det er Grung Arkitektur i Bergen som har teikna prosjektet.

Av Ola Matti Mathisen